



Fylkesmannen i Aust-Agder

Miljøvernavdelingen

Vår dato: 15.8.2012 Vår referanse:2012/2776/FMAAINO

Saksbehandler, innvalgstelefon
Ildikó Nordensvan, 37 01 75 51
e-post: fmaaino@fylkesmannen.no

Arkiv nr. Deres referanse

Inspeksjonsrapport

Bygland kommune
Sentrum
4745 Bygland

Inspeksjon ved Byglandsfjord reinseanlegg

Dato for inspeksjonen: 19.6.2012
Rapportnummer: 2012.026.I.FMAA
Saksnr. hos Fylkesmannen: 2012/2776/FMAAINO

Kontaktpersoner ved kontrollen:

Frå verksemda: Kjell Lande
Mfl.

Frå Fylkesmannen: Bjørn Stokke
Ildikó Nordensvan

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten beskriver resultat frå inspeksjonen. Hovudtema for kontrollen var handtering av kjemikalier og farleg avfall og internkontrollsystem med tilhørende risikovurdering.

Fylkesmannen avdekte 3 hovedavvik under inspeksjonen:

- **Kontroll med og oppfylning av reinsekrav for utslepp til vatn er ikkje halde**
- **Driftsforhold i reinseanlegg er ikkje tilfredsstillande dokumentert**
- **Internkontroll for avlaupsanlegget innanfor ytre miljø er ikkje tilfredsstillande**

Vi ber verksemda om ein skriftleg stadfesting innan **30. oktober 2012** på at avvika er retta. Oppfølging etter inspeksjonen er nærare omtala på side 3.

Rapporten er elektronisk godkjent og sendes utan underskrift

15.8.2012

Dato

Ildikó Nordensvan

kontrollør

Bjørn Stokke

seniorrådgjevar

Informasjon om verksemda

Eigd av (org.nr): 964 966 397	
Besøksadresse: Byglandsfjord	Telefon: 37 93 47 00
Bransjenr. (NACE-kode): 75.110	E-post: post@bygland.kommune.no

Kontrollert anlegg

Namn: Byglandsfjord reinseanlegg	Anleggsnr: 0938.0007.01
Kommune: Bygland	Anleggsaktivitet: Avlaupsnett og reinsing
Løyve sist oppdatert: 12.12.2012	Risikoklasse: 3

Bakgrunnen for inspeksjonen:

Fylkesmannen fører tilsyn for å førebygge og avdekke forureining av ytre miljø. Eit nytt reinseanlegg blei sett i drift i Byglandsfjord i 2010. Fylkesmannen gav ny utsleppsløyve den 12.12.2011 til å sleppe ut reinsa avlaupsvatn til Byglandsfjord etter kapittel 14 i forureiningsforskrifta.

Driftsassistansen i Aust-Agder rapporterer at det ikkje vart teke ut tilstrekkeleg tal prøver i 2011. Vidare står det i rapporten at reinseeffekten og driftsstabiliteten ved det nye reinseanlegget ikkje er god nok. Fylkesmannen ser alvorleg på mangelfull prøvetaking og overskriding av fastsette vilkår. Vi ønskjer difor å sjå på om det er gjort utbetringstiltak og oppfølging av omtalte problem med drift av reinseanlegget.

Følgjande hovudtema blei kontrollerte:

- oppfølging av krav i forureiningsforskrifta kapittel 14 og utsleppsløyve av 12.12.2011
- drift av reinseanlegg og reinsekraft til anlegget
- drift og fornying av leidningsanlegg
- utsleppsdata frå 2011
- internkontroll (risikovurderingar og avviksbehandling)

Regelverk

- Lov om 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta).
- Forskrift 6. desember 1996 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til avlaupsanlegga, gitt av Fylkesmannen etter forureiningslova

Informasjon om regelverk finn du på www.klif.no og www.regelhjelp.no

Definisjonar

Avvik: manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Merknad: eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Oppfølging etter kontrollen

Rapporten omhandler avvik og merknader som vart avdekte under inspeksjonen og gir ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatus i verksemda.

Verksemda pliktar snarast å rette opp dei avvika som er omtala i denne rapporten. Me ber verksemda om ei skriftleg stadfesting med dokumentasjon innan 30. oktober 2012 på at avvika er retta.

Varsel om tvangsmulkt

Fylkesmannen varslar med dette at me vil fatte vedtak om tvangsmulkt på kr. 25.000,-, jf. forureiningslova § 73, dersom me ikkje har motteke ei stadfesting med dokumentasjon på at avvika er retta innan 30. oktober 2012.

Tvangsmulkta vil kome til dersom Fylkesmannen ikkje har motteke ein stadfesting på at avvik er retta innan 4 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt vart fatta.

Verksemda har høve til å kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan 2 veker etter at denne rapporten er motteken, jf. § forvaltningslova § 16.

Varsel om kontrollgebyr

Verksemda skal betale gebyr for kontrollen, jf. forskrift om begrensing av forurensning § 39-6, gebyr for kontroll i verksemder med løyve. Dette inneber at verksemda skal betale: kr 11 600- i gebyr for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura med innbetalingsblankett vert ettersendt frå Klima- og forureiningsdirektoratet.

Avvik

Det ble funnet følgjande avvik under kontrollen:

- Avvik 1: Kontroll med og oppfyljing av reinsekrav for utslepp til vatn er ikkje halde.**

Avvik frå Forureiningsforskrifta § 14-13, § 14-12, § 14-11, § 14-2. Utsleppsløyve av 12.12.2011 pkt. 3.1. og 10.1

Grunnlag for avviket er kryssa av nedanfor:

- 1A) Reinsekrava i utsleppsløyvet vart overskridne i året 2011 jf. utsleppsløyve pkt. 3.1. og § 14-11
- 1B) Påslepp frå Tine Meieriet Sør er ikkje teke med i berekninga av reinsegrad og utsleppsmengder frå avlaupsanlegget. (§14-11)
- 1C) Det blei ikkje teke ut tilstrekkeleg kontrollprøvar i høve til utsleppsløyve pkt. 3.1., jf. §14-11

Kommentar

Reinsekrava

Reinseanlegget i Byglandsfjord er eit nytt avlaupsanlegg som er sett i drift i 2010. Anlegget har krav om sekundærreinsing og ein reinsegrad for total fosfor på 90 %. Byglandsfjord reinseanlegg har ikkje tilfredsstilt desse krava i høve til utsleppsløyvet. Det framkom òg på tilsynet at driftsstabiliteten er dårleg, og at anlegget ikkje fungerer som forventa. Kommunen har vore kjent med driftsproblemet lenge, men ein har enno ikkje gjort skriftlege vurderingar. Ifølgje kommunen skal ein greie ut kritiske punkter ved reinseanlegget og deretter utarbeide ei handlingsplan no i haust. For å halde reinsekrava må uansett kommunen snarast gjere utbetringstiltak.

Fylkesmannen forventar at kommunen prioriterer dette arbeidet, og sender ein kopi av handlingplanen innan fristen.

Om representativ prøvetaking

Prosessavlaupsvatn frå Tine Meieriet Sør (heretter Meieriet) reinsast først i eit biologisk behandlingsanlegg før det sleppast til det kommunale reinseanlegget. Kommunen har ikkje oversikt over mengde og innhald av påslepp frå Meieriet. Påslepp frå Meieriet er heller ikkje teke med i berekninga av reinsegrad og utsleppsmengda. Vi fekk opplyst at stader for prøvetaking er feil plassert i reinseanlegget, og at ein ikkje har moglegheit for representativ prøvetaking i dag.

Det står i forureiningsforskrifta § 14-10 at reinseanlegget skal utformast slik at ein kan ta representative prøver av det tilførte avlaupsvatnet. Vi har forstått at det er behov for ei betydeleg ombygging av reinseanlegget for å kunne ta kontrollprøver, inkludert prosessavlaup frå Meieriet. Kommunen må sørge for at ombygginga setjast i gong så fort som mogeleg. Vi regner med at den omtalte handlingsplanen skal omfatte problemet med prøvetaking.

Tal på kontrollprøvar – Akkreditering av prøvetakarar

I følgje årsrapport frå Driftsassistansen er det ikkje teke tilstrekkeleg mengd prøvar i 2011. Det blei opplyst ved tilsynet at det blei teke ut 12 prøvar men berre 7 av desse blei godkjent i høve til gjeldande standard. Vidare seier kommunen at situasjonen er den same i år. Kommunen og representant for Driftsassistansen møttest den 13.6.2012, der temaet var akkreditering og driftsproblem ved reinseanlegget. Det vart diskutert kva som manglar og kva som må gjerast for å få anlegget fungere som det skal. Møteprotokollen konkluderte likevel ikkje med korrige konkrete forslag eller med løysingar.

Bygland kommune er kjent med at alle reinseanlegg, som er regulert etter kapittel 14 i forureiningsforskrifta, skal ha eit system for akkreditert prøvetaking. Vi viser òg til pkt. 10.1. i utsløppsløyvet og § 14-11 i forureiningsforskrifta. Av den grunn må kommunen sende inn søknad til Norsk Akkreditering snarast, og vere akkreditert for prøvetaking så fort som mogleg.

Bygland kommune skal melde tilbake om planlagde tiltak for å halde reinsekrava i høve til utsløppsløyvet; kommunen må sende ein rapport som inneheld ei kartlegging av kritiske punkt ved anlegget som forårsakar driftsproblem, og ein handlingsplan med tidsfristar.

Avvik 2: Driftsforhold i reinseanlegget er ikkje tilfredsstillande dokumentert.

Avvik frå Forureiningsforskrifta § 14-10 og utsløppsløyve av 12.12.2011.

Grunnlag for avviket er kryssa av nedanfor:

- 2 A) Dei styrande driftsparameterane i reinseprosessane er ikkje skriftleg dokumenterte.
- 2 B) Gjennomgang av driftsjournalen og analyseresultat er ikkje tilfredsstillande.

Kommentar:

Kommunen dokumenterer ikkje tilfredsstillande driftsforholdet ved reinseanlegget. Det finst heller ikkje dokumentasjon på dei styrande driftsparameterane som er avgjerande i reinseprosessen. Sjå òg avvik 3.

Dei utfylte driftsjournalane skal kontrollerast ein gong kvart år, jf. *Bygland kommune Internkontroll system for avløpsanlegg* pkt.9.2.1. Vi kan ikkje sjå at det er gjort noko skriftleg vurdering og gjennomgang av driftsjournalar i 2011. Det er òg viktig at kommunen etablerer rutinar for løypande vurdering av analyseresultat. Desse rutinane skal følgjast i praksis.

Vi ber om at Bygland kommune sender ein kopi av dokumentasjon på dei styrande driftsparameterane i reinseprosessane innan fristen.

Avvik 3: Internkontroll for avlaupsanlegget innanfor temaet *ytre miljø* er ikkje tilfredsstillande.

**Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5 punkt 5 og 6.
Utsløppsløyve av 12.12.2011**

Grunnlag for avviket er kryssa av nedanfor:

- 3A) Mangelfulle rutinar for drift av avlaupsanlegget
- 3B) Avviksbehandlingssystemet inkluderer ikkje alle delar av avlaupsanlegget
- 3C) Miljørisikovurderinga er mangelfull for nokre område.
Klimatilpassing er ikkje omtalt og inngår ikkje i risikovurderinga

- 3D) Det er ikkje etablert rutinar for risikohandtering av tilhøve med uakseptabel høg risiko.

Kommentar:

Om skriftlege rutinar for drift av avlaupsanlegget og avviksbehandling

Kommunen har ein generell internkontroll som gjeld for alle kommunale avlaupsreinseanlegg i Bygland kommune. Det står i denne internkontrollen at det skulle ha vore utarbeida ei driftshandbok for kvart kommunalt avlaupsanlegg. Vi kunne likevel ikkje sjå at omtalte handbok er på plass. Kommunen hevder at leverandøren ikkje har gjeve opplegget for drift av anlegget enno. Kommunen har no kontakt med leverandøren/konsulenten, og er i gong for å løyse driftsproblem ved anlegget.

Kommunen har heller ikkje etablert konkrete skriftlege rutinar for drift av Byglandsfjord reinseanlegg i internkontrollen. Driftsjournalen og avviksbehandlinga er nokså mangelfull. Prosedyren for avviksbehandling ved reinseanlegget skulle omfatte direkte utbetringstiltak (strakstiltak), planlagde korrigerande tiltak og utførte korrigerande tiltak. Det såg ut til at kommunen sjeldsynt følgjer vidare avvika eller utfører endelege («korrigerande») tiltak. Det er viktig at avvik følgjast opp og at det gjerast utbetringstiltak og endeleg (korrigerande) tiltak. Vi meiner òg at avviksbehandlinga skal omfatte alle delar av avlaupssystemet, inkludert avlaupsnett, overlaup, utsleppsmålingar og reinseanlegg. Kommunen må forbetre rutinane for oppfølging av avvik.

Fylkesmannen reknar med at kommunen utarbeider ein spesifikk internkontroll med tilhørande driftsinstruksar for Byglandsfjord reinseanlegg som skal sendast til Fylkesmannen innan fristen.

Om miljørisikovurdering

Bygland kommune har vurdert nokre aspekt angående ytre miljø i internkontrollen, og det er også gjennomført noko risikovurdering knytt til dette. Vi har motteke denne risikovurderinga i brev av 2.5.2011, etter tilsynet ved anlegget i 2010. I vår tilbakemelding i brev av 14.6.2011 peikte vi på at kommunen ikkje hadde gjennomført fullstendig miljørisikovurdering i forhold til uventa hendingar og klimaendringar. Vi stilte krav om at ei oppdatert miljørisikovurdering med tilhørande handlingsplan skulle sendast til Fylkesmannen innan 15.3.2012, jf. utsleppsløyve pkt. 1.2 og 9.1. Vi kan ikkje sjå å ha motteke ei oppdatert risikovurdering frå kommunen. Vi minner igjen om at kommunen metodisk skal kartlegge alle relevante aktivitetar som kan påverke det ytre miljø. Miljørisikovurderinga må òg innehalde aspekt i høve til klimaendringar.

Bygland kommune må skjerpe rutinane for drift av reinseanlegget. Avviksbehandlinga skal forberast. Vi ber om at kommunen reviderer internkontrollen, inkludert driftsinstruksar og miljørisikovurdering. Ein kopi skal sendast til miljøvernavinga innan fristen.

Andre kommentarar

Det ligg føre ein avtale mellom Bygland kommune og Tine Meieriet frå 2.7.2007. Bygland kommune meiner at varierende mengde og kvalitet i prosessavlaupet frå Meieriet forårsakar driftsproblem ved det kommunale anlegget. Vi minner om at kommunen kan krevje at ein ny påsleppsavtale skal utarbeidast dersom det trengst.

Bygland kommune har ein saneringsplan frå 1996. Ein skulle ha fornya saneringsplanen etter 2005. Etter det førre tilsynet i 2010 fekk Bygland kommune avvik på dette. I brev av 1.5.2011 fekk vi stadfesting på at den nye saneringsplanen skulle bli ferdig i løpet av 2012. Vi minner igjen om at kommunen til ei kvar tid skal ha tiltaksplan for fornying og sanering av leidningsnett. Ved tilsynet kom det fram at mykje overvatn/framandvatn er eit problem ved Byglandsfjord. Mykje framandvatn, som kjem inn i avlaupsnett og reinseanlegget bidrar sannsynlegvis til at anlegget ikkje oppfyller reinsekrava som vert stilt i utsleppsløyvet. Slik vi har forstått det, prioriterer ikkje kommunen saneringsarbeidet pga. økonomiske omsyn. Kommunen må utarbeide ei liste med prioriteringar og tidsfristar på avlaupsområdet som òg omfattar arbeidet med saneringa.

Bygland kommune skal sende ein kopi av saneringsplanen innan 31. desember 2012.

Oppsummering

Fylkesmannen ser alvorleg på mangelfull oppfølging og overskriding av vilkåra i utsleppsløyvet. Bygland kommune har lenge vore kjent med gjeldande regelverk og dei nemnde vilkåra som er stilt i utsleppsløyvet. Etter tilsynet ved anlegget i 2010 fekk kommunen òg god tid for å oppfylle krava. Reinseanlegget tilfredsstillar ikkje utsleppskrava, og det er alvorlege driftsproblem ved anlegget. Fylkesmannen følgjer difor opp denne saka særskilt.